



## Kven er Wilhelm?

Det hender Wilhelm vil vere heilt åleine. Då kan han tenkje så mykje han vil, utan at nokon masar på han.

Kven er eg? tenkjer Wilhelm og ser på skyene som dreg over himmelen.

Mamma plar svare at han var ein draum som blei røyndom. Men korleis kan han vere ein draum?

Når Wilhelm spør pappa om kven Wilhelm er, svarer pappa:

– Du er den du er, og eg er den eg er. Sånn er det berre.

Når Wilhelm spør farfar om kven Wilhelm er, svarer farfar:

– Legg handa på brystet ditt. Kjenn hjarta som bankar. Det er deg.

Når Wilhelm spør mormor om kven Wilhelm er, svarer mormor:

– Kven vil du vere, då?

Når Wilhelm spør morfar om kven Wilhelm er, svarer morfar:

– Du er den beste venen min.

Farmor roper på Wilhelm: – Du må ha litt mat, Wilhelm! Kom no!

– Eg må berre finne svaret først, seier Wilhelm.

– Svaret på kva då? spør farmor.

– På kven eg er, seier Wilhelm.

– Då trur eg du må bli der ei stund, seier farmor.

**Oppgåver:**

Sjå Elevbok 6A  
side 233.

Gjer oppgåvane 1,  
3, 4, 6, 7, 8 og 9.